

Leirdalen Bre og Juv
v/Håvard Evjestad
Leirdalen
6868 Gaupne

05.08.11

NVE – Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Uttale i samband med ev. utbygging av Vestsideelvane i Luster kommune

Namnet mitt er Håvard Evjestad, eg er 27 år og har vakse opp i Leirdal.

Mine foreldre driv ein av gårdane oppe i Leirdal, og eg er sterkt knytt til bygda og lokalmiljøet i dalen.

I 2006 stara eg opp mi eiga verksemd, Leirdalen Bre og Juv. Dette er ei aktivitetsbedrift som tilbyr forskjellige aktivitetar for turistar og lokalbefolkning. Blant anna tilbyr me brevandring på Tunsbergdalsbreen og juving i nedre del av elva Leirdøla.

Eg er sterkt imot ei heving av demninga, og auka HRV. Dammen vert mykje meir synleg i terrenget. I tillegg vil sørgjeranda i bassenget verte markant større.

No som det er aktuelt med utbygging av vestsideelvane ynskjer eg å komma med nokre konkrete punkt som er avgjerande for at bedrifta skal kunna overleva ein evt anleggsperiode og ikkje minst åra etter.

Tilgang til Tunsbergdalen generelt.

Det vart etter utbygginga satt opp bruar slik at det var mogleg å krysse elva som kjem ned frå Tverradalen. Desse bruene er naudsynte store deler av sommaren dersom folk skal kunna komma seg opp til støls- og hytteområdet i Tverradalen, samt for folk som skal til breen. Den eine brua er allerede øydelagt, og dei to andre er i heller dårleg forfatting. Desse bruene må fornyast, uansett anleggsdrift eller ikkje.

Tilgang til Tunsbergdalen under anleggsdrifta.

Det er avgjerande for Leirdalen Bre og Juv at tilkomsten til demninga og vatnet i ingen grad blir redusert i forhold til korleis den er i dag. Me har sesong fra midt i mai, til midt i september, og har til tider to grupper dagleg som vert frakta med båt inn vatnet for å oppleve breen. Godt med parkeringsmoglegheiter er og viktig.

Tilgang til Tunsbergdalen etter anleggsdrifta.

Det er svært utfordrande for oss å legge i land med båt i fremre del av vatnet, då særleg tidleg i sesongen. Dette fordi vannstanden då er låg, og det er svært grunt vatn der framme. Det er derfor viktig for oss at vannstanden i magasinet i alle fall ikkje vert lågare på våren enn den har vore dei siste åra.

Det er og naudsynd med ei oppgradering av vegen der båtane vert satt ut i magasinet. Denne

må ha fast dekke.

Vannstand i Leirdøla.

I elveløpet nedafor demninga har me tilrettelagt for elvejuving. Med god dialog med Statkraft i Gaupne har dette fungert svært bra, slik at me har god kontroll på når eit evt utslepp frå demninga vil komma, og då avslutte vår aktivitet i elva. Overløpet har med god kontroll på sidan me ser vannstandsauken dag for dag.

Det som er viktig for oss her, er at vannstanden i elva ikkje vil auka på sommaren. Det er og viktig at ei evt utbygging ikkje vil føra til tidlegare overløp, ei heller utslepp gjennom tappeluka. Dette vil føra til redusert temperatur i elva, samt at elva vil verta for stor til å driva elvejuving i. Elva har og mange flotte badeplassar som vert nytta av lokale og tilreisande. Ein reduksjon i temperaturen i elva vil øydelegge desse godene.

Avkøyring frå FV604 til Leirdal.

Dette krysset er svært lite oversiktleg. Siktsona er for kort i høve dagens reglement i begge retningar, men verst er det nordover i dalen, mot Jostedal. Siktsona her er under 50 meter, og fartsgrensa er 80 km/t. Trafikken på veg 604 har auka kraftig dei siste åra etter som Jostedal vert eit stadig meir populært reisemål.

Dette krysset er farleg, og det er dagleg arbeidsveg for mange fastbuande, samt dagleg skuleveg for skuleelevane frå Leirdal som skal til Gaupne.

Etter å ha fått tilskot frå kommunen og tilatelse frå grunneigar har Leirdalen Bre og Juv satt opp ei lagringsbu her nede på Leirmoøygarden. Denne vert nytta til lagring av utstyr, samt at det er ein normal oppmøtestad for turane våre i elva. Dette har fungert svært bra, men siktsona er for kort.

Me har fått dispensasjon frå vegvesen til å bruka plassen til og med sommaren 2012.

Det er viktig både for bedrifta, men ikkje minst for dei fastbuande at dette kjem inn under trafikkreguleringsplanen så fort som mogleg.

Dersom dette kjem inn under planane, er det gode moglegheiter for utvida løyve for bruk av avkøyrsla og lagringsbua for Leirdalen Bre og Juv.

Leirdalen Bre og Juv er ei relativt ung bedrift, men er ei bedrift i sterk utvikling og vekst.

Personleg ser eg på bedrifta som min sjanse til å skaffe meg eit levebrød i Luster Kommune, og dermed endå ein grunn til å flytte heim til heimstaden.

Det er synd om ei bygd som allerede er sterkt råka av utbygginga frå 70 tallet, no igjen skal lide store tap og ulemper av ein ny anleggsperiode.

Vn. *Håvard Evjestad*
Leirdalen Bre og Juv
v/Håvard Evjestad